



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 412-103 OG

Hovdebygda, 16. juni 2014

Høyringsfråsegn om tilskotsordning for vekeaviser

Styret i Nynorsk kultursentrum drøfta i møte 13. juni 2014 utgreiinga frå Medietilsynet om tilskot til vekeaviser. Vi framhevar i denne høyringsfråsegna prinsippet nynorsk, kvalitetskravet og plassering av ordninga.

Nynorsk kultursentrum har ved fleire høve dei siste åra framheva dei språkpolitiske sidene av mediestøttepolitikken, jf. høyringsfråsegn 2. mars 2011 om innstillinga frå mediestøtteutvalet og høyringsfråsegn 13. januar 2014 om framlegget til endra støtteordning for mindre aviser.

Til 200-årsdagen for Ivar Aasen i 2013 la Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag fram ei erklæring om nynorskpolitikk for det 21. hundreåret. I § 16 om nynorsk i tv, radio og presse heiter det mellom anna: «Den nynorskbrukande delen av pressa har vore svært viktig for utbreiinga av nynorsk. Vi ønskjer ei pressestøtte som sikrar gode og føreseielege rammevilkår for aviser som bruker nynorsk.» Den støtteordninga det her er tale om, er ein viktig del av ei slik pressestøtte, særleg fordi nynorsk står mykje sterkare i lokal- og regionalpressa enn i riksavisene.

Kriterium for nynorsk

Medietilsynet skriv i notatet at det ser ut til å vere «bred enighet om at en overgang til objektive og transparente kriterier tross alt vil være betre enn dagens ordning». Det kan godt hende at høyringa gir dekning for påstanden om semje, men det er ikkje ein konklusjon Medietilsynet bør trekkje på førehand. Dessutan, og det er viktigast, er framlegget frå Medietilsynet ei blanding av subjektive og mekaniske kriterium.

Dette kjem tydeleg til uttrykk i måten Medietilsynet handterer det språkpolitiske på. Det er svært bra og i tråd med gjeldande norsk språkpolitikk at Medietilsynet på linje med Norsk kulturråd vil favorisere nynorskpublikasjonar. Vi stør oppmodinga frå Medietilsynet til Kulturdepartementet om å «utarbeide et fordelingskriterium som gjør at aviser som skrives og redigeres på nynorsk kan få ekstra statstilskudd». Her bruker Medietilsynet prinsipp nynorsk, rett nok utan å seie det, og det gir vi ros for.

I notatet har Medietilsynet rekna prinsippet nynorsk om til tal. Tilsynet har teke utgangspunkt i den støtta Dag og Tid fekk i 2013 og kome fram til ein nynorsksats på kr 10,85. Det går tydeleg fram av notatet av Medietilsynet meiner Norsk kulturråd har brukt ikkje-objektive kriterium, og det har tilsynet rett i. Det er likevel resultatet av denne bruken av ikkje-objektive kriterium Medietilsynet fullt ut byggjer på når dei skal formulere eit



språkpolitisk støttesystem. Dette viser også tydeleg att i måten Medietilsynet omtalar den føreslåtte nynorsksatsen på: «Satsen kan naturlegvis justeres utfra hvilken målsetting man har.» Den setninga seier alt. Same kor mekaniske kriteria ser ut til å vere, er dei uttrykk for politiske prioriteringar.

Nynorsk kultursentrum er usamd i ein slik praksis. Ei ordning blir ikkje meir transparent ved at dei kvalitetsvurderingane ein gjer, og som ein etter dagens ordning må grunngi, blir skrivne om til matematiske formlar som ingen treng å grunngi. Ei grunnleggjande kvalitetsvurdering kan vere minst like transparent.

Krav om kvalitet

Vi merkar oss det framlegget Medietilsynet har formulert til føremål for støtteordninga. Der fører tilsynet vidare dei viktigaste trekka ved dagens retningslinjer. Tilsynet føreslår at ordninga «skal bidra til å opprettholde et mangfold av nasjonale ukeaviser karakterisert av høy kvalitet og uavhengig journalistikk med ulik kulturell og samfunnsmessig betydning».

Nettopp kravet om *høg kvalitet* var berande for den støtteordninga Norsk kulturråd vedtok i 2008. Det er svært bra at Medietilsynet held fast ved dette kravet. Vi kan berre ikkje sjå korleis eit slikt krav kan operasjonaliserast med det tilsynet kallar *objektive kriterier*. I 2008 vedtok Norsk kulturråd dette kvalitetskriteriet:

En samlet kvalitetsvurdering er grunnlaget for bevilgning og fordeling av tilskudd. Dette innebærer en bred faglig vurdering av avisens redaksjonelle virksomhet og prioriterte stoffområder samt dens betydning for og fremme av offentlig debatt. For aviser som redigeres ut fra et etnisk minoritetsperspektiv, legges særlig vekt på avisens evne til å fremme deltakelse i kultur- og samfunnsliv.

Det fagutvalet som vurderte søknadene og avisene, utdjupa dette med meir spesifiserte krav. I notatet gjer Medietilsynet nøyen greie for korleis ordninga kan fungere for dei avisene som alt er inne i ordninga, men det står ikkje noko om korleis det grunnleggjande kvalitetskravet skal innfriast. Det ville då heller ikkje vere mogleg å talfeste redaksjonell kvalitet eller setje den på formel.

Plassering av ordninga

Dette illustrerer heile problemet med å leggje ordning til Medietilsynet. Same kva kriterium ein talfestar, byggjer dei på skjønn og vurderingar, men reduserer kulturpolitikk til matematikk. Norsk kulturråd har femti års røynsle med kvalifisert vurdering av redaksjonell, litterær, språkleg og kunstnarleg kvalitet. Den innstillinga frå Hamnen-utvalet som no ligg føre, gir Norsk kulturråd ei friare rolle viss innstillinga blir teken til følgje på sentrale punkt. Det styrkjer oss intrua på at det er betre å la støtteordninga for vekeaviser vere i Norsk kulturråd med den avstanden det inneber til politisk leiing. Då slepp vi også at saka hamnar der den var før Kulturrådet overtok, i eit partipolitisk landskap.

Denne saka er språk- og kulturpolitisk viktig, og vi hadde nok venta meir av denne utgreiinga enn det vi finn i notatet frå Medietilsynet. I framstillinga av utviklinga for ordninga tek Medietilsynet berre med dei seks avisene som fekk støtte i 2013 og viser korleis støtta for desse har utvikla seg sidan 2006, medan dei avisene som etter kvart fall ut av ordninga, er unemnde. Dermed er der heller ingen refleksjon over det paradokset at den støtteordninga Norsk kulturråd oppretta i 2008, har gått frå å dekkje 13 til fem publikasjonar. Det viste seg ganske raskt at kravet til kvalitet og ønsket om mangfald var ein krevjande kombinasjon.

Ei slik støtteordning må ha ein innbygd kulturpolitisk dynamikk. Den sida av saka må løysast, og det er for oss endå eit argument for at Norsk kulturråd med sin kulturpolitikk for mangfald held fram med å forvalte og utvikle denne støtteordninga.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm (s)
styreleiar



Ottar Grepstad
direktør